



## VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGANE I SURNADAL

Surnadal kommunestyre vedtek desse vedtektene med endringar for SFO – ordningane i Surnadal kommune frå 01.08.23:

### 1. EIGAR

Kommunen eig dei kommunale skulefritidsordningane.

### 2. STYRINGSORGAN

Skulefritidsordningane er politisk og administrativt lagt til Hovudutval for oppvekst og kommunalsjefen for oppvekst.

Skulefritidsordningane skal drivast i samsvar med lov, forskrifter og vedtektene.

Samarbeidsutvalet er styret for kvar skulefritidsordning.

Skulefritidsordningane er til vanleg lagt til ein grunnskule/eit oppvekstsenter.

I dei krinsane der det ligg til rette for det, kan tilbodet bli gjeve heilt eller delvis gjennom barnehagen, men i nært samarbeid med skulen.

### 3. NAMN

Kvar skulefritidsordning skal ha namn med "eininga + skulefritidsordning"

### 4. FORMÅL/INNHALD

Formålet med skulefritidsordningane er å gi barn på 1. – 4. årstrinn og barn med særskilde behov på 1. – 7. trinn, eit trygt omsorgs- og fritidstilbod før og etter skulen si undervisningstid. Skulefritidsordningane i Surnadal skal ha så høg opplevd kvalitet som råd innanfor gjeldande rammer.

Med utgangspunkt i barna sin alder, funksjonsnivå og interesser skal tilbodet vere prega av barna sitt behov for leik, omsorg, aktivitetar og sosial læring.

Det skal leggst til rette for eit rikare skulemiljø med god tilknytning til nærmiljøet.

Det skal leggst til rette for at barna kan arbeide med lekser i SFO- tida.

Ordensreglane for skulen gjeld også for SFO. Dette gjeld også kap. 9A om eit godt fysisk og psykososialt skulemiljø.

## **5. LEIING OG BEMANNING**

Einingsleiar/rektor ved skulen har det pedagogiske og administrative ansvaret for SFO.

Ordningar med 60 barn eller fleire skal som hovudregel ha dagleg leiar i 100 % stilling.

I dei mindre ordningane skal minimum 20 % av heil stilling avsett til leiging, jf. SFS 2201.

Ein vaksen kan ha ansvar for inntil 15 barn.

Bemanninga skal vere slik at det i gjennomsnitt er tilsett ein vaksen pr. 15 barn.

Personalbehovet må og vurderast i kvart enkelt tilfelle i høve alderssamansetting, opphaldstid og tal på barn med særlege behov.

Personalet i skulefritidsordningane er lagt under same teieplikt som personalet i grunnskulen, og må ved tilsetting vise politiattest.

## **6. PÅMELDING/OPPTAK/OPPSEIING**

Påmeldinga til SFO skal sendast elektronisk på eige digitalt skjema i Visma føresettportal.

Påmeldinga blir behandla administrativt av rektor/dagleg leiar.

Påmeldinga er bindande inn til plassen blir sagt opp eller det blir sendt melding om endring.

Oppseiingsfristen er 1 månad frå den 1. i månaden etter oppseiingsdato.

Dette inneber at det blir kravd full foreldrebetaling i den månaden oppseiinga blir motteken og den påfølgjande månaden, også i dei tilfella der barnet sluttar før oppseiingstida er ute.

Oppseiinga skal vere skriftleg på elektronisk skjema i Visma føresettportal.

Desse reglane gjeld også ved oppseiing av delar av ein SFO- plass.

Oppseiing av plass med verknad etter 1. april i SFO-året blir ikkje godteke.

Dette inneber at for å sleppe å betale ut SFO-året, må ein seie opp plassen før 1. mars.

## **7. OPNINGSTID**

SFO-året for alle ordningane i kommunen går frå 1. august det eine året til 31. juli det neste året.

Dagleg opningstid på Surnadal barne- og ungdomsskule sin SFO er mellom kl. 06.45 – 16.30.

For dei andre SFO- ordningane i kommunen er normal opningstid mellom kl. 07.30 – 16.30.

Det er mogeleg med lokal tilpassing av opningstida etter behov.

Alle SFO - ordningane i kommunen er opne heile året, med unntak av vekene 28, 29 og 30 i juli.

For alle ordningane gjeld at det må vere minst 3 påmelde pr. dag for at det skal vere ope (i feriar og høgtider).

Den daglege opningstida på skulestengte dagar kan justerast etter behovet til brukarane.

Når skulen er stengt i haust – og vinterferie etc., er skulefritidsordninga å rekne som eit heildagstilbod med normalopningstid som elles.

Påmeldinga til skulefrie dagar er bindande.

For oppvekstsentra gjeld at det må vere 3 påmelde til saman frå barnehagen og skulen.

Barna skal ha minst 4 veker ferie i kalenderåret, og 3 av vekene skal vere samanhengande i juli, veke 28, 29 og 30.

### **7.1 TILTAK VED SMITTEFARE**

SFO på Surnadal barne- og ungdomsskule har opningstid frå kl. 0645 til 1615

Dei andre SFO-ordningane har ope frå kl. 0730 til 1630

På gult og raudt beredskapsnivå blir det ikkje tilbod om skulemåltid/skulekantine eller servering av mat i skulane. Skulekantinene blir stengt ved gult eller raudt nivå.

## **8. FORELDREBETALING**

Kommunestyret vedtek satsar og reglar for foreldrebetalinga.

Betalingsordninga som gjeld til ei kvar tid, gjeld for kalenderåret, og blir vedlegg til vedtektene. Ved oppseiing av plass blir det kravd full betaling for den månaden oppseiinga blir motteken og den påfølgjande månaden.

Berre langvarig sjukdom (over 1 måned) kan gje rett til å sleppe foreldrebetaling.

Plassen går tapt etter 2 månader med manglande foreldrebetaling.

SFO – plassen blir fakturert 11 gonger i året.

Det blir alltid fakturert for heile månader.

Juli er betalingsfri måned.

Ein kan melde seg på SFO-plass som tilsvarar:

under 6t/veke, 6 – 11,9t/veke, 12 – 17,9t/veke og 18t/veke og over.

Det er mogleg å søkje om redusert foreldrebetaling for SFO-plass.

For å søkje om redusert foreldrebetaling må ein ha søkt og takka ja til ein SFO-plass.

Eigenbetalinga i SFO skal maksimalt utgjere 6 % av husholdninga si samla skattbare inntekt.

For barn med særskilde behov på 5. – 7. trinn er SFO-plassen gratis etter søknad.

For 1. og 2. trinn er det 12 timar gratis SFO – tid frå august 2023. I påmeldte SFO - økter kvar veke, blir difor til og med 12 timar utan betaling. Eventuell resterande SFO - tid blir fakturert etter gjeldande satsar.

## **9. LEIKE OG OPPHALDSAREAL**

Leike- og opphaldsarealet både ute og inne skal vere eigna for formålet. Innandørs skal arealet pr. barn vere minst 3,5 m<sup>2</sup>. For å sikre eit trygt utemiljø, er det forbode å køyre bil på skulen sitt område i SFO – tida. Unntak frå forbodet kan bli gjeve etter særskild vurdering.

## **10. SKULESKYSS**

Foreldre/føresette må sjølve ordne skyss når opphaldet i skulefritidsordninga medfører at ordinær skuleskyss ikkje kan nyttast.